



## Notat

Dato: 13.05.2016  
Arkivsak: 2015/12809-4  
Saksbehandlar: rutornh

---

**Til:** Per Morten Ekerhovd

**Frå:** Ruth Ørnholt

---

### Søknad om godkjenning av å servere alkoholhaldig drikke

12. – 14. juni arrangerer fylkesbiblioteket i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek, Kultur Halland, Mölndals stadsbibliotek, Aarhus Kommunes Biblioteker med støtte fra Hordaland fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket, ein nordisk bibliotekpolitisk konferanse i Bergen.

Arrangørgruppa og Barbro Thomas, som skal ha hovudinnlegget 12.juni, kjem til Bergen 11.juni. Det er naturleg å invitere desse på middag med servering av vin/øl til maten om kvelden før konferansen startar.

Som del av arrangementet er det planlagt mingling med servering på Bergen Off. Bibliotek 12.juni og middag på Fløyen 13.juni. I samband med dette vil det vere tilbod om alkoholhaldig drikke.

*I følgje reglement for påskjøning, merksemd og servering for tilsette i HFK har fylkesrådmannen, fylkesdirektør og rektor fullmakt til å gje godkjenning der denne er vertskap for det aktuelle arrangementet.*

*Servering av alkoholhaldig drikke skal godkjennast før arrangementet finn stad.*

1. *Alkoholhaldig drikke kan serverast til måltid ved*
  - a. *Representasjon der fylkeskommunen er vertskap.*
  - b. *Arrangement i regi av politiske organ.*
  - c. *Årsfestar o.l. for tilsette.*
  - d. *Andre særlege tilfelle enn dei nemnde.*

Konferansen fell inn under retningslinene sitt pkt. a, og eg søker om godkjenning av å servere alkoholholdig drikke til dei tre arrangementa.

Program og informasjon om konferansen finst her: <http://www.hordaland.no/halmstadkonferansen2016>

